



## Sæbø ungdomslag

Referansar:

Dykkar:

Vår: 17/876 - 18/12728

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

03.09.2018

## Vedkomande tilskot til Sæbø ungdomslag

Viser til innsendt rapport over utført arbeid i samband med søknad om tilskot til mindre kostnadskrevjande investeringar på kulturbygg og –anlegg 2017.

Sæbø ungdomslag søkte i 2017 Radøy kommune om kr 25 000 til oppgradering av tak og nytt musikkanlegg. Kostnadene det var vist til i søknaden var kr 375 000, der nytt musikkanlegg var stipulert til 25 000 og taket var stipulert til 350 000. I same søknadsrunde kom det inn ein søknad frå Marøy grendalag om nytt kjøkken til kr 250 000. Søknadene vart vurderte som nokså like i omfang, og begge søkerane fekk kr 15 000 i tilskot.

I sluttrapporten frå Sæbø ungdomslag er totalsummen berre kr 32 208,80. Denne viser utgifter til eit musikkanlegg til kr 12 705 (inkludert høgtalarar), og i tillegg kr 19503,9 kroner til reparasjon av nordre veggen og tak over inngang.

Det var ikkje søkt om og difor heller ikkje løyvd midlar til reparasjon av veggen, og Radøy kommune kan difor ikkje betala ut midlar på bakgrunn av denne delen av rapporten. Når det gjeld musikkanlegget finn me å kunna betala ut tilskot for dette tilsvarande 50 % av kostnaden, som er det maksimale tilskotsnivået ein plar å liggja på for kulturmiddlar. På bakgrunn av sluttrapporten vert såleis kr 6352 betalt til Sæbø ungdomslag sin konto.

Sæbø ungdomslag fekk tilskot til mellom anna høgtalarar i den same tilskotsordninga i 2018. Me gjer merksam på at det ikkje vert gjeve tilskot til dei same høgtalarane to gonger.

Når det gjeld reparasjon av taket på ungdomshuset er det fleire søknadsordningar de kan søkja. 15. september er søknadsfrist for Gjensidigestiftelsen, men me gjer merksam på at dei dei prioriterer nye, mindre bygg og anlegg. I og med at ungdomshuset også er eit kulturminne, er det mogleg å søkja midlar frå mellom andre Hordaland fylkeskommune si ordning for verna kulturminne, Norsk kulturminnefond og Uni Stiftelsen. Om de tar kontakt med Arild Sætre på Kulturverntenesta i Nordhordland (tlf. 950 48 705) kan han hjelpe dykk med utforming av søknader som gjeld kulturminne. Ein innsamlingsaksjon på Spleis, kan kanskje også vera verdt eit forsøk: [www.spleis.no](http://www.spleis.no)

---

### Post

postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

### Kontakt

Telofon +47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

[www.radoy.kommune.no](http://www.radoy.kommune.no)  
Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634



Me vil også rå dykk til å senda inn søknad til tilskotsordninga lokale kulturygg, som har søknadsfrist kring 1. april. Skal de gjera det, er det viktig at de ikkje set i gang arbeidet før den tid.

Ta kontakt om de har spørsmål!

Med helsing

Anne Dahle Austrheim  
leiar kultur- og sørvistorget

Bente Kopperdal Hervik  
rådgjevar kultur

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Melding om rett til å klaga på eit forvaltningsvedtak

**Mottakarar:**

Sæbø ungdomslag